



Klagenemnda for tilskudd  
til kulturarrangementer

---

**Avgjerd frå Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement 15. september 2022**

**Sak:** 2021/2144  
**Klagar:** Backline Voss AS

**Samansetting av Klagenemnda:**

Nemndsleiar Tore Lunde, nemndsmedlemmene Morten Thuve og Anne Margrete Fiskvik.

**1 Bakgrunn for saka**

- (1) Backline Voss AS (frå no av «klagar») søkte den 5. november 2021 om kompensasjon som arrangør for tap i samband med avlysinga av ti arrangement. Klagar søkte om kompensasjon på kroner 515 204 etter forskrift av 1. oktober 2021 nr. 2923 om midlertidig kompensasjonsordning for avlyste, stengte eller nedskalerte kulturarrangementer i perioden 1. juli til 31. oktober 2021 som følge av covid-19-utbruddet (frå no av «forskrifta»). Arrangementa var planlagt gjennomførte i perioden 30. juli til 5. september 2021. Klagar har lagt ved to kontraktar med artistar i søknaden.
- (2) Kulturrådet avslo søknaden om kompensasjon den 25. november 2021. Kulturrådet har vist til at det berre er arrangørar som var registrert i Einingsregisteret før 12. mars 2020 som kan få kompensasjon etter forskrifta § 4 første ledd. Klagar oppfyller ifølgje Kulturrådet ikkje dette vilkåret sidan dei ikkje var registrert i Einingsregisteret før 12. mars 2020.
- (3) Klagar klaga på vedtaket den 1. desember 2021, og informerte at dei klaga med same grunngjeving som på Kulturrådet sitt vedtak datert 5. november 2021. I denne klagen har klagar forklart at selskapet Backline Voss har eksistert som enkeltpersonføretak sidan 2007, og selskapet sin kjerneaktivitet har vore utleige av musikkinstrument og teknisk personell til konsertverksemd. Det er informert om at klagar har hatt faste oppdrag hos ei rekkje kjende, vestnorske festivalar i ei årrekkje. Klagar har forklart at dagleg leiar, Jonas Ødegaard, i 2019 valde å utvide verksemda til å arrangere konsertar og kulturarrangement på Voss. Ifølgje klagar fekk kulturbransjen signal frå fagforbundet CREO og regjeringa om å endre firmastrukturen frå enkeltpersonføretak til aksjeselskap når koronapandemien starta, for å sikre økonomisk tryggleik for dei involverte og for å kunne få rettar til hjelp om pandemien skulle bli langvarig. Klagar har opplyst om at dei tok signala på alvor, og difor oppretta aksjeselskapet Backline Voss AS straks pandemien var eit faktum. Det er informert om at selskapet ikkje vart registrert før juni 2020 grunna lang sakshandsaming hos Brønnøysundregisteret. Klagar har halde fram at dette berre er ei formell endring frå ENK til AS, då begge einingane har same føremål

**Postadresse**  
Postboks 511 Sentrum  
5805 Bergen

**Besøksadresse**  
Zander Kaaes gate 7  
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

og identisk aktivitet. Klagar har på denne bakgrunn gjort gjeldande at dei finn det grovt urimeleg å få avslag på søknaden om kompensasjon.

- (4) Kulturrådet vurderte klaga, men har konkludert med at den ikkje ga grunnlag for å endre eller oppheve vedtaket, jf. lov om behandlingssaker datert 10. februar 1967 (forvaltningsloven) § 33. Klaga og dokumenta i saka vart sendt til Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement ved Kulturrådet si innstilling datert 2. desember 2021.
- (5) Kulturrådet har i innstillinga vist til at klagar ikkje oppfyller vilkåret om registrering i Einingsregisteret etter forskrifta § 4 første ledd. Det er vist til at det er den som faktisk søker som skal bli vurdert etter vilkåret, og at Kulturrådet difor har tatt utgangspunkt i Backline Voss AS, med organisasjonsnummer 925 262 064, i si vurdering. Kulturrådet har vist til at det følgjer av offentleg tilgjengeleg informasjon at selskapet vart registrert i Einingsregisteret den 9. juli 2021, slik at klagar ikkje oppfyller vilkåret i § 4 første ledd.
- (6) Klagar har i brev datert 7. desember 2021 fått informasjon om saksgongen til Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement og frist til å kommentere innstillinga frå Kulturrådet eller gje andre merknadar.
- (7) I perioden 12. juli til 9. august 2022 har klagar sendt omfattande dokumentasjon og opplysningar, etter spørsmål frå på klagenemnda. Klagar har blant anna opplyst om at enkeltpersonføretaket Backline Voss Ødegård vart stifta i 2007, og at selskapet hadde omsetnad på omkring 1, 2 millionar kroner i perioden frå midten av oktober 2019 til slutten av februar 2020. Det vart også sendt eit oversyn over enkeltpersonføretaket sine billettinntekter for 2019 og 2020.
- (8) Den 24. august 2022 bad nemnda om fleire opplysingar frå klagar. Klagar vart bedd om å forklare kva drift det hadde vore i enkeltpersonføretaket Backline Voss Ødegård etter stiftinga av aksjeselskapet. Nemnda spurde også om det vart gjort ei skattefri endring frå enkeltpersonføretak til aksjeselskap, og om aksjeselskapet har overteke eimedelane til enkeltpersonføretaket.
- (9) Klagar har den 25. august 2022 opplyst at det har vore drift i enkeltpersonføretaket etter grunnlegginga av aksjeselskapet i ein overgangsperiode, blant anna har det vore fakturert tenester frå enkeltpersonføretaket til aksjeselskapet, og det har vore nokre billettinntekter og koronatilskot. Ifølgje klagar skuldast dette tilskipingar som var starta i enkeltpersonføretaket. Klagar har også informert om at dei ikkje har føreteke ein skattefri endring, og at aksjeselskapet ikkje har overteke aktiva frå enkeltpersonføretaket.
- (10) Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement behandla saka i nemndsmøte den 15. september 2022.

## **2 Det rettslege grunnlaget**

- (11) Det rettslege grunnlaget er forskrift av 1. oktober 2021 nr. 2923 om midlertidig kompensasjonsordning for avlyste, stengte eller nedskalerte kulturarrangementer i perioden 1. juli til 31. oktober 2021 som følge av covid-19-utbruddet.
- (12) Kompensasjonsordninga sitt føremål følgjer av forskrifta § 1:

*«Formålet med denne ordningen er å kompensere arrangører og underleverandører i kultursektoren for tap knyttet til avlyste, stengte eller nedskalerte kulturarrangementer som følge av råd eller pålegg gitt av offentlige myndigheter i forbindelse med covid-19-utbruddet».*

(13) Av forskrifta § 4 følger det at:

*«(1) Arrangører som i hovedsak formidler eller gjør kunst og kultur tilgjengelig til allmennheten, kan tildeles kompensasjon. Arrangøren må ha sin hovedvirksomhet i Norge og må være registrert i Enhetsregisteret før 12. mars 2020.*

*(2) Kompensasjon kan ikke gis til arrangører som:*

*a. er under konkursbehandling,*

*b. mottok 60 prosent eller mer av sine inntekter fra offentlig tilskudd i 2019,*

*c. er registrert i Frivillighetsregisteret, eller*

*d. på tildelingstidspunktet er et foretak i vanskeligheter slik definert i forordning (EU) nr. 651/2014 artikkel 2 nr. 18, jf. forskrift 14. november 2008 nr. 1213 om unntak fra notifikasjonsplikt for offentlig støtte § 1, hvis arrangøren også var i vanskeligheter 31. desember 2019.»*

(14) Av forvaltningslova § 34 følger det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og også ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg det at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, sakshandsaminga, faktum og det frie skjønn. Klageinstansen kan sjølv gjere nytt vedtak i saka eller oppheve det, og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny handsaming.

### **3 Klagenemnda si vurdering**

(15) Klaga gjeld Kulturrådet sitt avslag på søknad om kompensasjon som arrangør i samband med avlysinga av ti arrangement.

(16) Av forskrifta § 4 første ledd andre punktum følger det at det kan bli gjeve kompensasjon til arrangørar som var *«registrert i Enhetsregisteret før 12. mars 2020»*. Klagenemnda tolkar vilkåret slik at det er arrangøren av arrangementa oppgitt i søknaden som må vere registrert i Einingsregisteret før 12. mars 2020.

(17) Arrangøren oppgitt i søknaden i denne saka er aksjeselskapet Backline Voss AS. Selskapet vart registrert i Einingsregisteret den 9. juli 2020, og oppfyller difor i utgangspunktet ikkje vilkåret i forskrifta § 4 første ledd andre punktum.

(18) Klagenemnda forstår klagar slik at dei meiner at dei må bli identifisert med enkeltpersonføretaket Backline Voss Ødegård, slik at dei likevel oppfyller vilkåret. Enkeltpersonføretaket vart registrert i Einingsregisteret den 13. september 2007.

(19) Spørsmålet i det følgjande er om det er høve til å identifisere selskap i relasjon til kravet om at arrangøren må vere registrert i Einingsregisteret før 12. mars 2020.

- (20) Etter klagenemnda sit syn stiller forskrifta § 4 første ledd andre punktum i utgangspunktet eit absolutt vilkår om når selskapet som søker om kompensasjon, må vere registrert i Einingsregisteret. Den klare hovudregelen er difor at det ikkje er høve til å identifisere selskap når det gjeld kravet om at arrangør må vere registrert i Einingsregisteret før den 12. mars 2020. Det er likevel nemnda si forståing at det i nokre heilt spesielle tilfelle må gjerast unntak frå hovudregelen. Det svært snevre unntaket er avgrensa til tilfelle der klagar kan påvise at noverande søker i realiteten er ei vidareføring av eit eldre selskap. Nemnda finn det naturleg å ta utgangspunkt i tilfelle der det er gjort ei skattefri endring, altså der selskapet har skifta organisasjonsform frå ei selskapsform til ei anna. I desse tilfella er det ei så tett tilknytning mellom det nye og det gamle selskapet at dei bør bli identifisert, då det er tale om ei overføring av verksemda til eit nystifta selskap som overtar både skatte- og eigar posisjonen i det eldre selskapet. Nemnda forstår grunngevinga for kravet til registreringstidspunkt i Einingsregisteret å vere omsynet til å hindre at selskap blir oppretta for å tilpasse seg kompensasjonsordninga. Dette omsynet gjer seg etter nemndas syn ikkje gjeldande ved skattefri endring.
- (21) Klagenemnda må difor ta stilling til om det i denne saka er grunnlag for å identifisere klagar med Backline Voss Ødegård når det gjeld vilkåret om registrering i Einingsregisteret før den 12. mars 2020, jf. § 4 første ledd andre punktum.
- (22) Nemnda oppfattar det slik at klagar i stor grad har tatt over drifta som gjeld produksjon av konsertar og andre kulturarrangement frå Backline Voss Ødegård, sjølv om klagar har opplyst at det til dels har vore drift i enkeltpersonføretaket i en overgangsperiode etter stiftinga av aksjeselskapet. Likevel er det nemnda si vurdering at dei andre forholda i saka tilseier at selskapa ikkje kan bli identifisert med kvarandre kva gjeld registreringstidspunktet i Einingsregisteret. Klagenemnda visar til at klagar har opplyst om at det ikkje har blitt gjort ei skattefri endring av enkeltpersonføretaket til aksjeselskap. Klagar har også opplyst at aksjeselskapet ikkje har overteke eigedelane til enkeltpersonføretaket. I tillegg følgjer det av offentlege kjelder at innehavar enkeltpersonføretaket, Jonas Ødegård, eig 75 prosent av aksjane i klager, slik at det ikkje er ein fullstendig eigarkontinuitet mellom selskapa. Det er difor ikkje haldepunkt for at klagar for overteke skatte- og eigarposisjonen til enkeltpersonføretaket. Klagenemnda har forståing for at det kan opplevast urimeleg ikkje å bli identifisert med enkeltpersonføretakets registreringsdato når det er ein samanheng mellom selskapa. Nemnda viser likevel til den absolutte ordlyden i forskrifta § 4 første ledd andre punktum om registrering i Einingsregisteret før den 12. mars 2020, og at det er eit svært snevert unntak frå denne ordlyden.
- (23) Som følgje av at klagar ikkje har gjennomført ei formelt skattefri endring av enkeltpersonføretaket, vurderer nemnda denne saka å falle utanfor det snevre unntaket frå registreringskravet i forskrifta § 4 første ledd andre punktum. Sidan klagar vart registrert i Einingsregisteret den 9. juli 2020, oppfyller klagar etter nemnda sit syn ikkje vilkåret i forskrifta § 4 første ledd andre punktum.

#### **4 Vedtak**

- (24) Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement fattar etter dette følgjande vedtak:
- 1. Klagen vert ikkje teken til følgje.**

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Vedtaket er einstemmig.

Bergen, 15. september 2022

Tore Lunde

Morten Thuve

Anne Margrete Fiskvik

Nemndsleiar

Nemndsmedlem

Nemndsmedlem

*Dokumentet er godkjent elektronisk*